

Dalen +

Ein heim for oss - ein heim for deg?



Framtida  
er  
Tokke

Kraft      Kanal      Kultur      Kompetanse  
Bulyst 2011 - Stautvikling - attraktivitet og kultur



# Rapport BULYST DALEN+

## Tokke kommune 2011 - 2014.


Dalen 30.11.2014.

Det var eit mål å leggje til rette for at lokalsamfunnet Dalen i distriktskommunen Tokke vert attraktivt å bu i og flytte til. I samarbeid med Telemark fylkeskommune ynskjer me å fokusere på verdiar som er attraktive for unge vaksne når dei skal finne ein stad å busetje seg.

Me ynskjer å engasjere lokalsamfunnet og eldsjeler til å drive eit aktivt arbeid for å styrke vår vekstkraft, med støtte frå regionalt nivå. Det er eit ynskje at satsinga på bulyst er med og utviklar dette samarbeidet.

Fokus på Dalen sine positive kvalitetar og eigenart.

Prosjektet er retta inn mot samhandling mellom einskildmenneskje, lag, organisasjonar og offentlege einingar. Det skal berre i liten grad omfatte fysiske tiltak.



Styringsgruppa i Dalen+ takkar Kommunal og Regionaldepartementet ( 2011-2013 ), Kommunal og Moderniseringsdepartementet ( 2013 - 2014 ), Telemark Fylkeskommune og Tokke kommune.

	1. fase (2012 - 2014)	2. fase (mai 2014)	3. fase (haust 2014)
1	<b>Integrering av innvandrarar og andre tilflyttarar.</b>  Eige delprosjekt med fokus mot nye innbyggjarar.	Vandringar på Dalen.  Bli kjend for nye innbyggjarar	<b>Ta i mot nye tilflyttarar - bli kjend på Dalen.</b>  <b>Venskapsrolle.</b>
2	<b>Nye løysingar for viktige tenestefunksjonar og arbeidsplassar i distriktsområde.</b>  <b>Nettverksbygging for betre rekruttering av unge vaksne</b>	Meir aktivitet i Tokke kulturhus  Turvegar  Vassfronten/ hamna  Næringsutvikling.  Utvikle nye tenester	<b>Vassfronten/ hamna</b>  <b>Meir aktivitet i Tokke kulturhus</b>  <b>Møteplassar i sentrum ( forprosjekt )</b>  <b>Næringshage Dalen ( forprosjekt )</b>
3	<b>Kulturbasera stad- og næringsutvikling. Tilrettelegging for bruk av heile bygda</b>	Ønskje om å setje av midlar til gjennom-føring etter for-prosjekta	<b>Kolonihage på Dalen ( forprosjekt )</b>  <b>Utbetring av Hamna (forprosjekt)</b>
4	<b>Utviklingsprosjekt retta mot ungdom</b>	Ungdomstiltak i Tokke kulturhus Elvarheim/ ungdomsklubb  Sumararbeid for ungdom.  Nettverksbygging	<b>Ungdomstiltak Tokke kulturhus</b>  <b>Utearealet ved Elvarheim ( forprosjekt )</b>
5	<b>Omdømearbeid</b>	Engasjement og involvering av unge vaksne  Marknadsføring av eksisterande og nye tiltak  Prosjektet si eiga heimeside	<b>Halde ved like heimeside</b>  <b>Utvikle trivseltiltak for unge vaksne</b>  <b>Sosiale møtestader i sentrum, urbane tilbod</b>

I starten vart prosjektet organisert i 5 grupper:

1. Integrering av innvandrarar og andre tilflyttarar. Eige delprosjekt med fokus mot nye innbyggjarar.
2. Nye løysingar for viktige tenestefunksjonar og arbeidsplassar i distriktsområde. Nettverksbygging for betre rekruttering av unge vaksne.
3. Kulturbasera stad- og næringsutvikling. Tilrettelegging for bruk av heile bygda.
4. Utviklingsprosjekt retta mot ungdom.
5. Omdømearbeid.

Styringsgruppa ved oppstart var:

Therese Hauger, Rådmann

Tove Palmork Haavelmoen, Vest Telemark Vidaregåande skule

Lene Hennum, Telemark Fylkeskommune

Hilde Alice Vågslid, Ordførar

Nora Vinjerui, Leiar i Dalen Næringsamskipnad

Ådne Djuve, Elev Vest Telemark vidaregåande skule.

Styret pr. November 2014.

Nils Gjerde, kulturhusleiar

Gunhild Austjord, Plan og Næringssjef

Tove Palmork Haavelmoen, Vest Telemark Vidaregåande skule

Lene Hennum, Telemark Fylkeskommune

Hilde Alice Vågslid, Ordførar

Nora Vinjerui, Leiar i Dalen Næringsamskipnad

Ådne Djuve, Elev Vest Telemark vidaregåande skule.

Det har vore stor kontinuitet i styringsgruppa for Dalen+.

Frå sommar 2014 vart gruppe 2 og 3 slegne saman til «Nye Næringer» og det vart meir fokus på Næringsutvikling og Møteplassar i sentrum.

Finansiering av prosjektet:

Kommunal og Regionaldepartementet (KRD), Kommunal og Moderniseringsdepartementet (KMD):	kr 500.000,-
Telemark Fylkeskommune:	kr 625.000,-
Tokke kommune:	kr 1.125.000,-
SAMLA:	kr 2.250.000,-

I tillegg vart det lagd inn dugnad.

Det var tilsett prosjektleiar i 50% stilling frå mai 2012 til mai 2014.

Frå mai 2014 til og med november har Styreleiar hatt 7,5 timer kvar veke i 25 veker = 187,5 timer ( dokumentert timeløn; 438,49 = kr 82.216,88 ):. Reiselivskonsulent har hatt 5 timer kvar veke i 20 veker = 100 timer ( dokumentert timeløn; 326,15 = kr 32.615,- ); og Plan- og Næringssjef har hatt 5 timer kvar veke i 20 timer = 100 timer ( dokumentert timeløn; 438,49 = 43.849,- ).

Samla har dette utgjort 387,5 timer = kr 158.680,88. Alt dette i tillegg til utførd dugnad og dugnadsleiing. Styreleiar har innanfor dette skrive rapporten.

Det er utført dugnad i alle grupper. I dugnadspørte følgje ligg og bruk av lastebil, gravemaskin og traktorar.

Samarbeid med andre omfattar:

Statkraft Region Øst, Dalen turistkontor, Dalen Hotel, Vest-Telemark vidaregåande skule, Telemarkskanalen Regionalpark, Tokke kommune kulturskoler, Tokke kommune ungdomsavdeling, Dalen Næringsamskipnad, Dalsmarken, Tokke hagelag, Tokke skule, Tokke kommune teknisk etat, Tokke båtlag og eit stort tal friviljuge. Mange eldsjeler har gjort stor innsats.

I siste fase av prosjektet ( haust 2014 ) er det utarbeidd forprosjekt til 5 større samfunnsprosjekt:

- Møteplassar i sentrum
- Næringshage
- Kolonihage
- Utearealet ved Elvarheim ( Ungdomen sitt hus )
- Molo ved Dalen Bryggje..

Dalen+ har hatt fritt kontorhald, inkl telefon, kopiering og it i heile prosjektet.

Evt. rest av løyving frå Kmd, Telemark fylkeskommune og Tokke kommune er søkt utbetalt og avsett til gjennomføring av deler av forprosjekt.

Meir detaljert måloppnåing og økonomi føl med som postsendig.



I fleire omgangar har det vore dugnadsarbeid og ryddesjau ved «Bufjordstigen» turveg og rekreasjonsområde. No framstår området som lett tilgjengeleg då mykje av attgroinga er fjærna. Dette er arbeid som må halde fram i åra som kjem. Bufjordstigen går i området mellom Dalen Hotel og Bandak innsjø.

**Gruppene i Dalen+.**

Ved oppstart	30. november 2014. Ved slutt.
<b>Styringsgruppa:</b> Therese Hauger - leiar Tove Palmork Haavelmoen Lene Hennum Hild Alice Vågslid Nora Vinjerui Ådne Djuve	<b>Styringsgruppa:</b> Nils Gjerde - leiar Tove Palmork Haavelmoen Lene Hennum Hild Alice Vågslid Nora Vinjerui Ådne Djuve
<b>Integreringsgruppa:</b> Eilev Erikstein - leiar Venke Bakke Herfinn Haugsevje Ursula Lang Adele Rabbe	<b>Integreringsgruppa:</b> Eilev Erikstein - leiar Venke Bakke Herfinn Haugsevje Ursula Lang Adele Rabbe
<b>Kulturbasera Næringsutvikling:</b> Nils Gjerde - leiar Karl Endre Bjerk Jostein Hellevik Kai Joachim Brattestå Astrid Langhammer	<b>Kulturbasera Næringsutvikling:</b> Slege saman med Nye løysingar for viktige tenestefunksjonar og arbeidsplassar i distriktonmråde.
Nye løysingar for viktige tenestefunksjonar og arbeidsplassar i distriktonmråde. Olav Urbø - leiar Nils Gjerde Karl Torstein Hetland Olav Johre	<b>Ny gruppe: Nye Næringer:</b> Gunhild Austjord - leiar Olav Urbø Karl Torstein Hetland
<b>Ungdomsgruppa:</b> Tor Øystein Gravdal - leiar Ådne Djuve Jane Helen Veen	<b>Ungdomsgruppa: Slege saman med</b> <b>Omdømegruppa:</b> Vigdis Tøndel - leiar Tonje B. Antonsen Anette S. Småbrekke Marte Stordrange Utistog Vibeke Beisland Jane Heklen Veen Tor Øystein Gravdal Ådne Djuve.

Sendes til: [postmottak@krd.dep.no](mailto:postmottak@krd.dep.no)

## Årlig rapport BOLYST

Til: KMD  
Fra: Dalen+ ved Prosjektleiar Kjetil Fulsås.  
Dato:

Kommune:	Tokke kommune
Prosjektnavn:	Dalen+
Prosjektleder:	Kjetil Fulsås ( mai 2012 – mai 2014 ) Nils Gjerde ( juni 2014 – desember 2014 )
Leder i styringsgruppen:	Nils Gjerde
Kontaktperson i fylkeskommunen:	Lene Hennum
Forankring av prosjektet (flere kryss er mulig)	a) Styringsgruppe X b) Forankring i befolkningen X c) Samarbeid med andre aktører lokalt, regionalt eller nasjonalt X
Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?	Prosjektet har fått forlenga prosjektperioden fram til 1. desember 2014. Prosjektgruppene retta mot ungdom og omdømearbeid samarbeidar tett mest som ei gruppe. Dette viste seg å gje godt resultat då dei kunne ta på seg større oppgåver, så som ein inspirasjonsdag for heile kommunen i kulturhuset. Nettverksbygging mellom vidaregåande skular har ikkje kome i gang. Ein har utarbeidd forprosjekt for oppdatering av utearealet ved Elvarheim Ungdomen sitt hus. Integreringsgruppa har fokusert på møteplassar og bli-kjend-turar i nærmiljøet Dalen. Innanfor kulturbasera stad- og næringsutvikling har prosjektet vore ein viktig bidragsytar i vidareutvikling av vassfronten & Telemarkskanalen Regionalpark og turvegar i nærmiljøet. Prosjektet har også vore ein bidragsytar til ungdomstiltak i Tokke kulturhus. Den nye gruppa «Nye Næringer» har i 2014 levert viktige bidrag til næringsutvikling.
Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?	Prosjektet er fokusert på verdiar som er attraktive for unge vaksne når dei skal finne seg ein stad å busetje seg. Når ein ser på deltaking på dei tiltaka ein har vore med å skipe til og bruk av vassfronten, turvegar og liknande har ein lukkast overfor målgruppa i prosjektet.
Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak	I tillegg til aktivitetar og tiltak som har vore viktige i første fase av prosjektet er det viktig å melde om: Det kom inn over 60 framlegg til nytt slagord for Dalen. Det slo godt an og er profilert på diverse produkt ( t-skjorter, kalendar, drikkeflasker, bøff ) Inspirasjonsdag på Kulturhuset for lag og organisasjonar i Tokke kommune hadde god oppslutning og fleire lag auka medlemstalet sitt. Mange lag la mykje arbeid i stand. Arbeidet med vassfronten og Dalen Hamn har vorte vidareførd i prosjekttida. Planlegginga og kvalitetsheving av turvegar er eit godt helsefremjande tiltak.

Vurdering av framdrift i forhold til opprinnelig plan	<p>a) Følger opprinnelig plan</p> <p>b) Forsinket pga. <b>Omorganisering i kommunen</b></p> <p>c) Det er foretatt følgende justering. <b>2 grupper er slått saman til ei ny gruppe « Nye Næringer »</b></p>
Oppnådde resultater Hvor geografisk konsentrert har prosjektet hatt/vil ha effekt? (Kryss av)	<p>a) Helt lokal effekt <b>X</b></p> <p>b) Effekten kommer innen flere kommune i regionen. <b>X</b></p> <p>c) Effekten kommer i hele fylket</p> <p>d) Effekten kommer i eget og andre fylker</p> <p>e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge</p> <p>f) Vet ikke/ikke relevant</p>
Kort beskrivelse av metodikk i prosjektet (max 250 ord)	<p><b>Det er nytta tilpassa PLP.</b></p> <p><b>4 personar har delteke i PLP-kurs i regi av Telemark Fylkeskommune.</b></p>
Overføringsverdi for eksempel til andre lokalsamfunn	<p><b>Stor i høve tiltak i vassfronten og Dalen Hamn og Næringsutvikling/Møteplassar i Sentrum. Kvinner i Blomst. Fleire innflytta kvinner frå andre land deltok i prosjektet «Kalender Dalen i blomst».</b></p> <p><b>Kolonihage, Næringshage, møteplassar i sentrum og Utvikling av Dalen hamn har overføringsverdi til regionen.</b></p>
Ekstern kommunikasjon og deltagelse på samlinger med utgangspunkt i prosjektet	Hvilke samlinger har dere deltatt på i forbindelse med prosjektet? <b>Oppstartmøte mai 2012.</b> <b>PLP-kurs 2012 – 2013 ( Telemark Fylkeskommune )</b> <b>Bulyst-samling i Drangedal og Bø 16.- 17. september 2013</b> <b>Regionalparken Teklemarkskanalen februar 2014</b> <b>NFramtidas Bygder i Kviteseid 20. November 2014</b> Møte i Skien 25. November: Forever until the end.
Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)	Økonomien til Dalen+ er førd som prosjekt i Tokke kommune sin rekneskap. 2011, 2012 og 2013 er revidert saman med kommunerekneskapen. 2014 vert revidert i lag med kommunerekneskapen av Telemark kommunerevisjon. Sender med heile føringane so vedlegg. Prosjekt 1132.

<b>Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under? (Sett kryss ved svaret, flere svar er mulig)</b>	a) Stabilisere eller øke befolkningen X b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser X c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer X d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne X e) Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen X f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd) X g) Styrke regionale sentra X h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? X i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål? X j) Engasjert unge og ungdom i kulturtiltak X
<b>Gi en kort omtal av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt (maks 250 ord)</b>	Prosjektet sit att med mange større tiltak som skal videreførast etter januar 2015: Utbetring av Dalen Hamn Møteplassar i sentrum Næringshage Uteareal ved Dalen Ungdommens hus Kolonihage Vidareutvikling av Vassfronten/ Dalen Hotel/ Telemarkskanalen Regionalpark Profilering av bygda Dalen i Tokke kommune gjennom heimesida (Dalen+), Facebookgruppe (Dalen+) og andre tiltak av liknande art. Nettverka vil halde fram og vil omfatte lag, organisasjoner, eldsjeler og ulike avdelingar i Tokke kommune.

DALEN+.

Dalen+ er eit mobiliseringsprosjekt som har som mål å engasjere unge vaksne til arbeid med å utløyse attraksjonskraft.

Prosjektet har gjeve brei mobilisering og synleggjering av engasjerte innbyggjarar som ønskjer å ta på seg ansvar for gjennomføring, og slik føre Dalen+ vidare. Vidareføring av arbeidet etter prosjektperioden var Dalen+ sitt viktigaste mål.

Overgangen frå prosjekt til ordinær drift er ein sårbar fase. Kommunen sitt prosjektansvar skal tonast ned og gruppene i Dalen+ skal klare seg på eiga hand (leve vidare). Då er det viktig at gruppene har klare oppgåver som mobiliserar og inspirerer til synlege resultat som gevinst for friviljug innsats. Dette meinar me er på plass gjennom forprosjekta som prosjektet let etter seg.

Som sluttrapporten viser har det vore stort engasjement i heile perioden – og viljen til vidare arbeid er stor.

Lokal utviklingskompetanse som er synleggjort i prosjektet vil ein i framtida ha stor nytte av. Som grendelag vil det bli jobba vidare med forprosjekta. For å kunne kome godt i gang med det vidare arbeidet kan det trengast litt arbeidskapital. Ved å få utbetalt resten av tilsagn vil ein lett komme over i fase med å påvirke konkritisering av tiltak.

For at «Dalen+» skal lukkast med å bli ein (overførbar) arbeidsmetode med organisering for trivnad, ansvar og vekst; har styringsgruppa sett denne modellen som vellukka og tenleg.

Prosjektet har også vore nyttig for å kunne peike på mogelege næringsutviklingstiltak, særleg for unge.

Dalen+ har etablert seg som ein arena for å samordne potensiale for utvikling mot ein attraktiv stad å bu og flytte til.

For å trekke til seg nye innbyggjarar og halde på unge i etablerfasen er eldsjelene i Dalen+ viktige for å lukkast.

Me ser det difor som viktig å kunne få utbetalet resten av tilsagnet frå Kmd og Telemark Fylkeskommune. Dette vil kunne førast i eit øyremerka fond og rapporterast vidare på realiseringa av forprosjekta.

**Ein ber Telemark Fylkeskommune og Kmd om at resten av utbetalingane kan gjerast tilgiengeleg i 2015, som eigendel for gjennomføring av tiltak knytt til forprosjekt. Då har gruppene litt oppstartskapital til vidareføring av forprosjekta i tråd med intensjonar om auka samhandling for målgrupper som effekten av Dalen+.**

**NOTE 1.**

I 2011 når prosjektet vart starta låg prosjektet under Ansvar 130 - 134

Næringsadministrasjon

I samband med orgnisasjonsutvikling vart prosjektet overflørd til Ansvar 410 – 455  
Plan, Næring og Kultur.

Lønskostnader mai 2012 – mai2014.

Prosjektleiar si løn 2011/2013.:

134.

<b>1010 Løn i faste stillinger</b>	<b>132 288</b>
<b>1058 TREKKPL. LØN, SKYSS OG KOST</b>	<b>1 625</b>
<b>1090 Klp</b>	<b>13 459</b>
<b>1092 Kollekt. Ulukke/ gruppeliv</b>	<b>134</b>
<b>1099 Arbeidsgjevaravgift</b>	<b>15 166</b>
<b>SAMLA:</b>	<b>kr 162 672</b>

Prosjektleiar si løn 2013/2014:

454.

<b>1010 Løn i faste stillinga</b>	<b>245 914</b>
<b>1058 TREKKPL. LØN, SKYSS og KOST</b>	<b>2 061</b>
<b>1090 Klp</b>	<b>31 554</b>
<b>1092 Kollekt. Ulukkes/ gruppeliv</b>	<b>174</b>
<b>1099 Arbeidsgjevaravgift</b>	<b>21 282</b>
<b>SAMLA:</b>	<b>kr 300.985</b>

TIL saman lønskostnader 2012 – 2014 for Prosjektleiar: Kr 493 657.

<u>Ansvar</u>	<u>Ansvar</u>		130 -134	410 - 455
<u>130</u>	<u>Næringssjefen</u>		15 692	
<u>134</u>	<u>Næringstiltak</u>		201 093	
<u>410</u>	<u>Plan, Næring og Kultur</u>			4 000
<u>420</u>	<u>Kulturadministrasjon</u>			305
<u>422</u>	<u>Samfunnshus</u>	billettsal		(- 1.052)
<u>423</u>	<u>Ymse kulturføremål</u>			1 975
<u>432</u>	<u>Ymse</u>	Forbruksmatr.		5 760
<u>454</u>	<u>Næringstiltak</u>			1.284.173
<u>455</u>	<u>Ymse</u>			1 562
	<u>moms – komp 130-134</u>			
	<u>Moms – komp 410-455</u>			
<u>454</u>	<u>Avg.fr. sal varer/ tenester</u>			(-27 820)
<u>454</u>	<u>Frå Telemark fk</u>			(-468 750)
<u>454</u>	<u>Frå andre private</u>			(-15.551)
<u>454</u>	<u>Frå KMD</u>			(-375 000)
<u>130 -455</u>	<u>Løn Prosjektleiar</u>	<u>Inkl. i rekneskap</u>	<u>162 672</u>	<u>300 985</u>
<u>SAMLA</u>	<u>Pr 17.11.2014</u>		<u>216 785</u>	<u>433 078</u>
		<u><b>SALDO</b></u>		<u><b>808 543</b></u>

	<u>Løn Plan, Næring, Kultur</u>	<u>Etter mai 2014</u>		
Grafisk	Anne Gundersen, reiselivskons.	32.615		
Nye Næringer	Gunhild Austjord, PLK - sjef	43.849		
Rapport etc.	Nils Gjerde, leiar i styringsgruppa	82.216		
	<b>SAMLA</b>	<b>158.680</b>		

Bekrefter herved at timelønn med sosiale utgifter er korrekt.

*Med helsing*

*Ingrid Marthe Fæhn Betten  
Tokke kommune  
Lønsansvarleg  
Telf. 350 75 212*

E-post: [ingrid.marthe.fehn.betten@tokke.kommune.no](mailto:ingrid.marthe.fehn.betten@tokke.kommune.no)

**Fra:** Nils Gjerde  
**Sendt:** 11. november 2014 13:54  
**Til:** Ingrid Marthe Fæhn Betten  
**Kopi:** Gunhild Austjord  
**Emne:**

Hei.

I samband med rapport for Dalen+ som eg no skriv til;  
 Kommunal og moderniserings- departementet treng eg:

**Dokumentert timeløn inkl sosiale utgifter for:**

Nils Gjerde	kr. 438,49/t
Gunhild Austjord	kr. 472,52/t
Anne Gundersen.	Kr. 326,15/t

Kan du sende meg det.

Eg reknar sjølv ut sum av arbeidsinnsats utifrå det tal timer kvar av oss  
 ar levert i prosjektet.



## Møte i styringsgruppa DALEN+.

19.11.2014. Klokka 1300.

Desse er kalla inn til møtet:

Lene Hennum, Telemark fylkeskommune - møtte

Gunhild Austjord, PNK Tokke kommune - møtte

Tove Palmork Haavelmoen, Vest Telemark vidaregåande skule - forfall

Nora Vinjerui, Dalen Næringsamskipnad - møtte

Aadne Djuve, Ungdomsrepresentant - møtte.

Nils Gjerde, leiar i styringsgruppa DALEN+ - møtte.

Sidan sist:

Gruppa «Nye Næringer» har motteke planframleegg for:

- Møteplassar i sentrum - Frå FESTE AS
- Næringshage/ Kolonihage - Frå FESTE AS
- Uteområde Elvarheim i samarbeid med Omdømegruppa/ Ungdomsgruppa - Frå FESTE AS.

Styringsgruppa har i tillegg motteke plan for ferdigstilling av MOLO ved Dalen Hamn/ Dalen Bryggje frå ØKO GRØNT AS.

Nils har starta arbeidet med skriving av Rapport.

Frå Telemark Fylkeskommune har me no motteke kr 468.750,-

Frå KMD har me fått tilsegn om utbetaling, stor kr 375.000,-.

For båe er det då utbetalet 75%.

NOTE 1. Førebels økonomisk oversikt vert dela ut.

Det er framleis ikkje kome inn alle faktura knytt til prosjektet. Dette skal det purrast på.

Det vert løyvd kr 6.000,- til tryggleikstiltak med trapp ( materialar ) ved moloen.

Båtlaget utfører arbeidet på dugnad.

Det er løyvd kr 10.000,- til innkjøp av utstyr i samband med idrettsskulen som Tokke IL driv. Idrettsskulen er gjennomført på dugnad.

Finansiering frå Tfk og Kmd.

Ein ber Telemark Fylkeskommune og Kmd om at resten av utbetalingane kan gjerast tilgjengeleg i 2015, som eigendel for gjennomføring av tiltak knytt til forprosjekt. Då har gruppene litt oppstartkapital til videreføring av forprosjekta.

Referat 19.11.2014.

1. Kort orientering om stoda så langt v/ Nils

Rapport og status økonomi. Kva er i arbeid no.

2. FESTE AS presenterar forprosjekta.

Tone Telnes og Gunn Marit Christensson frå FESTE AS orienterte om arbeidet med prosjekta og gjekk detaljert gjennom produsert materiale. Orienteringa vart godt motteken av alle i styringsgruppa.

Det er gruppa «Nye næringar» i Dalen+ som er kontakt med FESTE AS.

Det er såleis brei semje om tiltaka. FESTE AS knytte forprosjekta i Dalen+ saman med Telemarkskanalen Regionalpark sin plan for Tokke kommune sin del av planen: FOREVER UNTIL THE END.

3. Drøfting kring FESTE sin presentasjon.

Her var det stor deltaking i drøftingane og det kom inn mange godord om prosjekta, presentasjonen og det var stor vilje til å arbeide vidare med gjennomføring etter at Bulystprosjektet er avslutta.

4. Ymse og vidare framdrift.

Me har no ein plan som akseptert utgangspunkt for vidare arbeid med næringssutvikling, omdømmebygging og utvikling av sentrum Dalen.

Gjennomføringa vil omfatte heile Dalen frå Dalen Hamn til Elvarheim Ungdomslokale.

Klokka 1600 møtte Omdømegruppa v/ Anette S. Småbrekke, Vibeke Beisland, Mette S. Utistog og Jane Helen Veen. Anne Gundersen kunne ikkje møte klokka 1600. Ho fekk difor vere med på orienteringa klokka 1330 i lag med styringsgruppa.

FESTE AS gav dei same orienteringa som styringsgruppa hadde fått tidlegare på dagen. I ordskiftet etter presentasjonen kom det fram mange positive kommentarar til forprosjekta. Omdømegruppa var særleg opptekne av møteplassar for barn, unge og småbarnsforeldre.

Dette hadde vore ein god og nyttig dag.

Nils Gjerde

Leiar i styringsgruppa.


NESTE MØTE.

Integreringsgruppa « Kjenn Dalen » på vandring.



Ryddinga ved tangane 2013.





Rehabilitering av badeplass ved Dalen Bryggje fekk fram ein ny populær møtestad sommaren 2014. Fjærning av vegetasjon, tilkøyring av ny sand, muring av flott grill utførd av Omdømegruppa. Til og med traktorarbeid, gravemaskin og lastebil var sponsa av Statkraft Øst.

**Forprosjekt er utarbeidd for:**

- Møteplassar i sentrum
- Uteareal ved Elvarheim ungdomen sitt hus
- Næringshage
- Kolonihage
- Utbetring av molo ved Dalen småbåthamn

**FOLKEHELSETILTAK:**

- Turvegar
- Dugnadsarbeid
- Utearealet ved Elvarheim Ungdomens hus
- Badeplassen
- Aktivitetsparken ved Dalen Bryggje.


# 1.mars / Tokke Kulturhus

OPPLEV KVA LAGA OG FORENINGANE KÅNS HAR Å BY PÅ!

Her finn du noko for ein kvar alder!  
Tid: 12.00-16.00. Alle aktivitetane er GRATIS!  
Høve for kjøp av mat og drikke.

- Eidsborg barne- og ungdomsklubb • IL Tokke • Åmdal IL • Åmdal/Tokke fotballklubb
- Tokke husflidslag • Skafsaheia løypelag • Skafsa motorsport klubb • Tokke skyttarlag
- Snøgg 4H • Tokke jeger- og fiskeforening • Dalen fotoklubb • Dalen Ungdomsklubb
- Tokke bygdekvinnelag • Tokke teaterlag • Kristne barn og ungdomsgrupper i Tokke
- Tokke båtlag

Program for tidsbestemte aktivitetar i Idrettshallen  
og Kulturhuset:



La deg inspirere til å prøve noko nytt!

AKTIVITET	LAG	ALDER	STAD	TIDSPUNKT
Flugefiske	Tokke jeger- og fiskeforening	Alle aldrar	Idrettshallen	14:30-16:00
Klatring	Åmdal/Tokke fotballklubb	Alle aldrar	Idrettshallen	12:00-16:00
Fotballtrening barn 7-11 år	Åmdal/Tokke fotballklubb	7-11 år	Idrettshallen	12:00-13:00
Fotballtrening barn 12-13 år	Åmdal/Tokke fotballklubb	12-13 år	Idrettshallen	13:00-14:00
Fotballtrening ungdom 14-16 år	Åmdal/Tokke fotballklubb	14-16 år	Idrettshallen	14:00-15:00
Spinning	IL Tokke	13-100 år	Idrettshallen	14:00-14:30 15:30-16:00
Idrettsskulen	IL Tokke	2-13 år	Idrettshallen	12:30-15:00
Step	IL Tokke	13-100 år	Idrettshallen	12:30-13:00 14:00-14:30
Crossfit	IL Tokke	16-100 år	Idrettshallen	13:00-13:30 14:30-15:00
Miniatyrskjøting	Tokke skyttarlag	Alle aldrar, under 16 år med foresatte	Idrettshallen	13:00-14:30
Minidisco	Eidsborg barne- og ungdomsklubb	Barnehage + 1-4 klasse	Kulturhuset	13:00-13:30 14:30-15:00
Paintball	Dalen Ungdomsklubb	Frå 10 år	Utandørs	12:00-16:00

Meld deg på aktivitetane inne på Kulturhuset hvor du finner de ulike laga og foreningane sin stand.

BLI MED I TREKNING AV  
SPINNINGTIME MED  
DAG OTTO LAURITZEN!

Skriv deg opp på Dalen + sin stand på  
Kulturhuset, så trekker vi 10 stk kl 15.00  
som får delta på time i Idrettshallen kl 16.30.



MELLOM 13-19 ÅR?  
#DALENKÅNS PÅ  
INSTAGRAM. VINNER IPAD MINI!!



Legg ut ditt bilet med det Dalen betyr for  
deg med #dalenkåns. Gode bilet og  
kreativitet vert vektlagt. Vi trekker vinner  
kl 15.00.

## Foredrag med Dag Otto Lauritzen: ALT ER MULIG!

Tid: kl 18.30 / Pris: 150,- / Forhåndssal av billetter på Tokke Bibliotek, Fristadsenteret og Spitet.

Frå ryddinga ved Tangane 2014






Frå ryddinga av Tangane.

TRAIL SHOW for Ungdom i sentrum







# Kanalweka 2014

**DALEN, 18. -25.mai**

- 18.05 kl. 15.00 Markering av grunnlovsjubileet og opning av jubileumsutstillinga «Huvestad» på Vest-Telemark Museum Eidsborg. Kransnedlegging ved Huvestadbauta kl. 14.00.
- 19.05 kl. 19.00 Ungdomsquiz på Spitet Mat & Kaffibar på Dalen.
- 20.05 kl. 18.00 Velkomstarrangement for kanalbåten MS Victoria.
- 21.05 kl. 17.00 Velkomstarrangement for kanalbåten MS Henrik Ibsen.
- 21.05 kl. 19.00 «BYGDEDYRKVERKING» på Tokke Kulturhus.
- 22.05 kl. 19.00 Marius Trial Team syner ei spektakulær oppvisning på torget! Sykkelaktivitetar. Langope på Dalen.
- 23.05 kl. 19.30 Konsert på Tokke Kulturhus med The Daytrippers.
- 23.05 kl. 21.00 Kanalquiz på Spitet Mat & Kaffibar.
- 24.05 kl. 11.00 Friluftsgudsteneste på Rui.
- 24.05 kl. 15.00 Historieformidling ved Herfinn Haugsevje – Dalen Bryggje/Telemarkskanalen. Oppmøte Bryggjekafé Lastein.
- 24.05 kl. 16.00 Opning av Galleri Straume si utstilling på Dalen Bryggje. Trubadur på bryggjekanten. Kanalutstilling.
- 25.05 kl. 16.00 Vandring med kjentmann på Huvestad der stortingsmannen Talleiv Huvestad budde.